

kutta opp i konvensjonelle kapittel. Dei reflekterer ein tankeprosess som Mary Karoro Okurut meinte er felles for kvinner over alt i verda. Det var i denne samanhenget ho trekte inn Hillary Clinton og sa: "Når alt kjem til alt så var fru Clinton først og fremst ei kvinne. Det ho følte, må ha blitt følt av alle kvinner rundt om i verda."

Med andre ord: utruskap er universielt. Sviket er ei fellesoppleveling for alle kvinner. Det høres pessimistisk ut, men ut frå generelle haldningar til kvinner i afrikanske samfunn generelt og i Uganda spesielt er det truleg meir enn ei kjerne av sanning i det.

### Kvinner berre offer?

Er så kvinnelittertur i Uganda berre ein jeremiade over audmjukingar menn påfører kvinner? Langt derifrå. Mary Karoro Okurut fastslo at menn skriv om kvinner som offer i romanane sine medan kvinnelege forfattarar har kvinner som heltinner i bøkene sine, og desse kvinnene er sterke. Dei tør å stå opp og seie nei til diskriminering i alle former, dei står på eigne bein og dei er både ressurssterke og modige. Dei representerer ei stemme som avspeglar det kvinner er opptatt av. Dette er viktig å få fram fordi unge jenter og kvinner elles treng rollemodellar dei kan identifisere seg med.

I sin eigen roman, *The Invisible Weevil*, har Mary Karoro Okurut som prosjekt å vise at kvinner spela ei like viktig rolle som menn i å kvitte seg me åket frå Amin og Obote og at dei derfor også fortener å hauste fruktene av frigjeringskampen på lik linje med menn. Heltinna hennar, Nkwanzzi, studerer jus og blir statssekretær i utanriksdepartementet på slutten av boka medan mannen hennar, som trøystar seg med andre medan kona arbeider overtid, pådrar seg AIDS, (den usynlege møllen som et opp samfunnet innafrå) og døyr på siste sida i romanen.

Vera i *Whispers From Vera* er også ei sterk kvinne sjølv om denne romanen manglar den politiske dimensjonen ein finn hos Okurut. Vera har god utdanning og ein god jobb som til og med sender henne eit år

til Vest Afrika som leiar av eit underkontor der. Vi får aldri vite kva slags kontor det er, for arbeidet hennar kjem i andre rekke når ho kviskrar oss i øret kva problem (og gleder!) ho har i forholdet til Mannen i livet sitt.

### Femrite blir grunnlagt

Det var etter at ho hadde skrive eit skodespel for sju år sidan at Mary Karoro Okurut følte behovet for eit forum der skrivande kvinner kunne komme saman og hjelpe og, ikkje minst, støtte kvarandre. Det vart til Uganda Women Writers Association og litt seinare til forlaget *Femrite* som fra august 1997 har fått finansiell støtte til å trykke bøker frå den nederlandske humanitære organisasjonen HIVOS. Det har etterkvar blitt utgitt 10 titlar og *Femrite* har meir på programmet enn berre det å trykke bøker av kvinner. Dette fortalte forfattaren av *Whispers From Vera*, Goretti Kyomuhendo, meir om i foredraget sitt om dei glede og utfordringar som ligg i det å skrive for publikasjon. Gledene er dei opplagte som det å kunne skape noko og få lovord for det som kunstnar. Ho snakka også om gleda over å ha skapt noko som vil overleve henne.

### Praktiske problem

Goretti gjekk så over til å beskrive utfordringane til skrivande kvinner. Ho nemnde først praktiske problem som det å finne ein plass der ein kan sette seg ned og skrive med manglande tilgang på datamaskiner. Kontoret til *Femrite* fungerer som eit ressurssenter som gir kvinnene ein stad å vere der det også står datamaskiner til disposisjon. Fleire kvinner møtes fast om måndagskveldane og les for kvarandre. Dei gir og tar imot respons på det dei hører og les opp sjølv og elles diskuterer dei litteratur i meir generelle vendingar. Det gir ein enorm styrke å vite at ein ikkje er áleine.

### Sjølpålægt sensur

Det fins andre utfordringar også, minst like alvorlege som dei praktiske. Det første ein potensiell kvinneleg forfattar i Uganda må klargjøre for seg sjølv har med identitet å gjere. Kven er du? Er du dotter til nokon? Mor til nokon eller kona til nokon? Kva